



Adu AS  
Postboks 75  
5952

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/2150 - 18/3445

Saksbehandlar:  
Tone Margrethe Berland Furustøl  
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:  
04.02.2018

## Løyve til etablering av midlertidig tilkomstveg - gbnr 132/23 Soltveit søndre

### Administrativt vedtak. Saknr: 054/18

**Tiltakshavar:** Per Ovald Thomassen  
**Ansvarleg søkjar:** Adu AS  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

### Tiltak

Saka gjeld søknad om etablering av midlertidig tilkomstveg med breidde 3 meter og lengde 50 meter over gbnr 132/29, gbnr 132/23 og krysse innpå gbnr 123/7. Det er i dag delvis etablert køyreveg samt delvis etablert gangsti fram til eigedomen – gbnr 132/23. Den omsøkte midlertidige vegen vil følgje denne etablerte traseen. Den midlertidige vegen vil opparbeidast med bruk av duk, nødvendig oppfylling, bærelag og grus. Vegen skal tilbakeførast når nedbrent hytte er riven og den nye fritidsbustaden er ført opp. Tiltakshavar parkerer langs den delvis etablerte køyrevegen. Andre tiltak som kan vere vist på innsendte teikningar er ikkje omfatta av dette vedtaket.

Det vert elles vist til søknad om rammeløyve og igangsetting motteken 06.07.2017 og supplert 01.12.2017.

### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 01.12.2017 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 12 veker frå denne dato 23.02.2018.

### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF føremål. Omsøkt veg over 132/29 ligg i randsone mellom innmarksbeite og skog av særst høyt bonitet.

### Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon. I tillegg dokumentasjon innkomen 01.12.2017 er det opplyst at den omsøkte vegen er midlertidig. Administrasjonen har lagt til grunn at det ikkje er krav til dispensasjon for



den midlertidige vegen, sjå KDP Alverstraumen pkt. 4 LNF område med henvisning til jordlova § 9 og skoglova § 50.

Det vert stilt vilkår om at løyve til midlertidig veg gjeld i 2 år. Vi skal ha stadfesting på at vegen er tilbakeført til dagens etablerte tilstand innan 2 år. Duk, nødvendig oppfylling, bærelag og grus skal fjernast. Dette skal dokumenterast med foto.

#### **Uttale frå anna styresmakt**

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

#### **Nabovarsel**

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

#### **Plassering**

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 20.06.2017.

#### **Vatn og avløp (VA)**

Det er inga endring i vatn- og avlaup med tiltaket.

#### **Tilkomst, avkøyrsløp og parkering**

Det er inga endring i bruk av avkøyrsløp med tiltaket.

#### **Terrenghandsaming**

Situasjonsplanen viser den midlertidige vegtrasèen, uteoppfallsareal, gangtilkomst og avkøyrsløp.

Teikningar/foto viser eksisterande og nytt terreng, og plassering i høve terreng.

#### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

#### **Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve**

Ansvarleg søkjar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

#### **Tekniske krav til byggverk**

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

#### **Tekniske krav til byggverk**

Kommunen har vurdert søknaden om fråvik frå tekniske krav sett i byggtknisk forskrift TEK og legg ansvarleg søkjar si vurdering til grunn. Kommunen finn at vilkåra for å fråvika tekniske krav til byggverk er oppfylt.

#### **Plassering**

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

### Visuelle kvaliteter

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvaliteter, både i seg sjølv og i høve til si funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2

### Privatrettslege tilhøve

Vegen vil gå over gbnr 132/29 og gbnr 132/23. Skyldskifte frå desember 1949, dagboknr.76 og årstall 1950, gjev rett for parsell Bjørkhaug II, gbnr 44 bnr 23 (vi legg til grunn at dette er i dag gbnr 132/23), til å anlegge veg med 2 meter bredde over gbnr 132/29 fram til gbnr 132/23:



Det er søkt om midlertidig veg på 3 meter, mens skyldskifte gjev rett til kun 2 meter brei veg. Imidlertid er det dei same eigarane av gbnr 123/29 og 123/23. Med signert søknad av 06.07.2017 og signert fullmakt av 14.06.2017 har eigarane av gbnr 123/29 samtykkja til etablering av 3 meter brei veg.

Vegen vil så vidt krysse innpå gbnr 123/7. Gbnr 123/7 har ved fullmakt av 05.06.2017 gjeve midlertidig vegrett til gbnr 132/23 for nærere plassering av veg til nabogrense enn 4 meter.

Skyldskifte gjev gbnr 132/23 rett til å nytte bygdevegen; Soltveitvegen. Vegrett til å nytta Soltveitvegen fram til kommunal veg er privatrettslig sikra med rettighet som følgjer eigedom, jf. pbl. § 27-4. I tillegg er personleg fullmakt til tiltakshavarne for etablering av midlertidig veg er gjeve frå eigarane av gbnr 131/1, 132/3, 132/4 og 132/7.

### Tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

### Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

### VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve i eitt-trinn for oppføring av etablering av midlertidig tilkomstveg med bredde 3 meter og lengde 50 meter over gbnr 132/29, gbnr 132/23 og krysse innpå gbnr 123/7 på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 20.06.2017 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Løyve til midlertidig veg gjeld i 2 år frå tidspunktet for løyvet, datert 04.02.2018.
3. Vi skal ha stadfesting på at vegen er tilbakeført til dagens etablerte tilstand innan 2 år. Duk, nødvendig oppfylling, bærelag og grus skal fjernast. Dette skal dokumenterast med foto.

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 17/2150**

**Ansvar**

*Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.*

**Bortfall av løyve**

*Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.*

**Avfall**

*Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.*

**Mellombels bruksløyve/Ferdigattest**

*Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.*

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Adu AS

Postboks 75

5952

**Kopi til:**

Per Ovald Thomassen  
Per Ovald Thomassen

Eliasmarken 13 5164  
Eliasmarken 13 5164

LAKSEVÅG  
LAKSEVÅG

**Mottakarar:**

Adu AS

Postboks 75 5952